

17.mai-komiteen i Austebygd krins

v/Øyvind Mellingen

5939 Sletta

Sletta 10.04.18

Radøy Kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Søknad om støtte til husleige ved gjennomføring av 17.mai-arrangement i Austebygd krins i Radøy kommune.

I Austebygd krins er det foreldra til elevane i 5.klasse som har ansvar for gjennomføring av 17. mai-arrangementet. Arrangementet plar vera på samfunnshuset Skogen Sletta. FAU, ved Austebygd skule, står økonomisk ansvarleg for gjennomføringa.

Dei siste åra har det vore vanskeleg å få arrangementet til å gå i pluss. Det kostar oss kr. 3000- 3500,- for leige av samfunnshuset til 17.mai feiringa. FAU sin stadig synkande økonomi gjer at me må sjå svært nøye på korleis me framover skal disponera pengane. Me har no i mange år sponsa lik sum lommepengar til alle elevane på leirskulen, sponsa utlegget som er med avslutningsfesten deira, samt sponsa skuleturar for alle årstrinn, td. Skøytedag.

Mange folk utanom bygda kjem på Samfunnshuset Skogen Sletta og feirar 17. mai. Det er altså ikkje berre eit arrangement for elevar, foreldre og besteforeldre. Her er det god plass til heile bygda inne og ute, samt til parkering. Alternativet vårt med å flytta arrangementet til Austebygd skule for å sleppa husleiga, vil gjera arrangementet noko mindre og ekskluderande for folk frå andre stader av kommunen.

Det er med bakgrunn i dette me no søker om støtte til å dekke husleiga på samfunnshuset, slik at me framleis kan halde 17.mai feiring med plass til heile bygda, og likevel kan forsetja med sponsoring av utlegga i 7.klasse.

På førehand takk!

Mvh.

17.mai-komiteen i Austebygd krins v/Øyvind Mellingen

17austebygd@gmail.com